

## Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

**Møtestad:** Ålesund - Storhornet

**Dato:** 20.06.2022

**Tidspunkt:** 10:00 - 15:00

### Til stades:

Namn	Varamedlem for
Paula Næss Skår	Leiar
Ann Helene Skare	Nestleiar
Lasse Alexander Honningsvåg	Medlem
Janne Remøy Endresen	Medlem
Anne Grete Mogstad	Medlem
Per Øvermo	Medlem
Atle Tangen	Medlem
Marie Ødegård Gjengstø	Vara (teams)

### Ikkje møtt:

Namn	
Kai Knutsen Sivertsen	MEDL
Asle John Giske	MEDL

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ingrid Fiskerstrand	Sekretær for brukarutvalet HMR

### Merknad i møte:

Hanne Haavde Stenseth – pasient og brukerombudet deltok via teams

*Møteprotokollen er godkjend i møtet*

## SAKLISTE

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
46/22	Godkjenning av sakliste og innkalling
47/22	Orientering frå administrerende direktør
48/22	Representasjon i råd og utval - munnleg orientering
49/22	Oppnemning i råd og utval
50/22	Referatsaker - utan saksframlegg
51/22	Styresak - statusrapport mai 2022
52/22	Status AIO - Ålesund Sjukehus (akutt, intensiv og operasjon)
53/22	Presentasjon av Klinikk for prehospitale tjenester
54/22	Presentasjon av direktør for E-helse og teknologi
55/22	Eventuelt

## 46/22 Godkjenning av sakliste og innkalling

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 46/2022 i møte den 20.06.2022

### Behandling

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner sakliste og innkalling.

## 47/22 Orientering frå administrerende direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 47/2022 i møte den 20.06.2022

### Behandling

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal fekk ei orientering frå administrerende direktør Øyvind Bakke om mellom anna desse sakene:

**Ventelister** - det er framleis lange ventelister for behandling hos BUP.

**Helseplattformen** - Helse Møre og Romsdal og kommunar skal "go live" 29. april 2023.

Administrerende direktør deltar denne veka på **Nasjonal direktørsamling**.

Direktøren har halde **avslutningstale for sjukepleiarstudentane i Molde**. Det same gjorde klinikkisjef Jorun Bøyum for sjukepleiarstudentane i Ålesund.

Direktøren er bekymra over situasjonen med **utskrivingsklare pasientar** ved sjukehusa i Ålesund, Kristiansund og Molde. Helseforetaket har tatt kontakt med kommunane og bedt dei kome opp med løysingar og tilbod til desse pasientane. Situasjonen kan gå på utover beredskapen ved sjukehusa våre. Både brukarutvalet og pasient- og brukarombudet støttar tiltaka som helseforetaket har satt i verk.

**Helseforetaket ser ei svak øking i Covid-tilfeller**, men ingen tiltak settes i verk på det nåverande tidspunkt - situasjonen følges.

**Dagens samfunnsutvikling syner nye trendar innan helsetenestane**. Korleis Helseforetaket tar inn over seg desse trendane er eit spennande tema som brukarutvalet gjerne vil være med å diskutere.

#### Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek administrerende direktør si orientering til vitende med følgjande tilføyningar:

1. Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal er bekymra over at så mange pasientar blir verande på sjukehusa våre etter at dei er ferdigbehandla. Brukarutvalet støttar arbeidet med å intensivere å få skrive ut desse pasientane. Det er viktig at pasientane får sitt tilbod på riktig nivå.
2. Brukarutvalet er bekymra for dei stadig økande ventelistene innan barn- og ungdomspsykiatrien.

## **48/22 Representasjon i råd og utval - munnleg orientering**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 48/2022 i møte den 20.06.2022

### **Behandling**

Sidan førre brukarutvalsmøte har medlemmane delteke på følgjande møter:

#### Paula Næss Skaar

- 24.05.22 - Styremøte i HMR
- 01.06.22 - Styrersamling i Stjørdal
- 01.06.22 - Styrersamling i Stjørdal
- 03.06.22 - Brukerutvalget for SNR
- 07.06.22 - Forskningsutvalget i HMR
- 07.06.22 - Arbeidsutvalget til BU
- 14.06.22 - Brukerpanel i Helseplattformen

#### Janne Remøy Endresen

- 24.05.22 - Styremøte HMR
- 25.05.22 - AIO prosjekt Ålesund
- 25.05.22 - Faglig samarbeidsutv. voksenhab.
- 30.05.22 - Arbeidsgruppe Følgeperson, Teams
- 10.06.22 - LSU Volda - Volda
- 13.06.22 - AIO prosjekt, Ålesund
- 15.06.22 - LSU Volda, Teams

#### Atle Tangen

- 03.06.22 - SNR Sjukehuset Nordmøre og Romsdal - brukarutval

#### Per Øvermo

- 14.06.22 - Helseplattformens brukerpanel
- 14.06.22 - Faglig samarbeidsutvalg helseberedskap

#### Anne Grethe Mogstad

- 02.06.22 - Klinisk Etikk-komite KEK
- 03.06.22 - SNR Sjukehuset Nordmøre og Romsdal - brukarutval
- 15.06.22 - fellesmøte LSU

#### Ann Helene Skare

- 28.04.22 - Klinisk etikk-komite (KEK)
- 04.05.22 - Regional samling for leder og nesteleder i brukarutvalgene i helseregionen
- 06.05.22 - AU for brukarutvalgsmøtet
- 11.05.22 - Møte i samhandlingsråd forebyggende og helsefremmede arbeid

- 20.05.22 - Møte i arbeidsgruppa for utviklingsplanen psykisk helse og rus.
- 01.06.22 - Møte i kunstutvalget for SNR
- 02.06.22 - Møte i kvalitetsråd kreft og rehabilitering
- 02.06.22 - Møte i klinisk etikk-komite (KEK)
- 03.06.22 - Møte brukerutvalg SNR
- 07.06.22 - AU for brukerutvalget
- 09.06.22 - Kort møte KEK
- 14.06.22 - Møte Helseplattformen
- 15.06.22 - Kort møte lokalt samhandlingsutvalg

#### **Lasse Honningsvåg**

- 31.05.22 - Barn og unges helsetjeneste i Møre og Romsdal: Lokal arbeidssamling i Ålesund
- 01.06.22 - Barn og unges helsetjeneste i Møre og Romsdal: Lokal arbeidssamling i Ørsta
- 13.06.22 - Barn og unges helsetjeneste i Møre og Romsdal: Innspilling av TikTok-Video ved BUP Volda, i samarbeid med Ungdomsrådet i HMR.

#### **Vedtak**

Informasjon om deltaking i råd og utval tas til vitende.

#### **49/22 Oppnemning i råd og utval**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 49/2022 i møte den 20.06.2022

#### **Behandling**

- Val av ny representant til Klinisk Etikk-komité KEK
- Informasjon om forskingsprosjekt «Characterization of the immunological and vascular effects of aspirin in prevention of preeclampsia in high-risk nulliparous women». Prosjektet involverer 4 bruker, rekruttert gjennom Prematurforeningen.
- Prosjekt Barneblikk - ønsker ein representant frå Brukarutvalet

#### **Vedtak**

- Janne Remøy Endresen går inn som vara i Klinisk etikk-komité KEK
- Lasse Honningsvåg går inn som brukarrepresentant i prosjekt Barneblikk

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek informasjon om forskingsprosjekt "Characterization of the immunological and vascular effects of aspirin in prevention of preeclampsia in high-risk nulliparous women" til vitende.

## **50/22 Referatsaker - utan saksframlegg**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 50/2022 i møte den 20.06.2022

### **Behandling**

Følgjande referatsaker har blitt lagt fram for brukarutvalet HMR:

- Protokoll frå styremøtet HMR 24.05.22
- Protokoll fra regionalt brukarutval 23.05.22
- Leiar informerer frå felles styresamling i Stjørdal 01.-02. juni
- Styresak – **Vedtak Utviklingsplan 2023-2026 (2037)**
- [Lenke til styresaker](#)

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende.

## **51/22 Styresak - statusrapport mai 2022**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 51/2022 i møte den 20.06.2022

### **Behandling**

#### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek statusrapport mai 2022 til vitende med følgjande tillegg:

Jfr. vedtak sak 47/22:

1. Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal er bekymra over at så mange pasientar blir verande på sjukehusa våre etter at dei er ferdigbehandla. Brukarutvalet støttar arbeidet med å intensivere å få skrive ut desse pasientane. Det er viktig at pasientane får sitt tilbod på riktig nivå.
2. Brukarutvalet er bekymra for dei stadig økande ventelistene innan barn- og ungdomsspsykiatrien.

## **52/22 Status AIO - Ålesund Sjukehus (akutt, intensiv og operasjon)**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 52/2022 i møte den 20.06.2022

### **Behandling**

Prosjektleder Anne Flo gav brukarutvalet ei grundig orientering om totalprosjektet AIO - Ålesund sjukehus. Informasjon om framdrifta i prosjektet vil kome jamleg til brukarutvalsmøta framover.

Følgjande brukarrepresentantar frå Helse Møre og Romsdal er representert på samhandlingsarena nivå 3:

- Janne Remøy Endresen
- Kai Knutsen Sivertsen
- Per Øvermo (vara)

### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

### **53/22 Presentasjon av Klinik for prehospital tenester**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 53/2022 i møte den 20.06.2022

#### **Behandling**

Klinikkleiar Lars Erik Sjømæling gav brukarutvalet ei orientering om tilboda i klinikk for prehospital tenester.

#### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende med følgande merknad:

*"Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal er bekymra for om ambulansetilbodet kan bli svekka som følge av at akuttmedisinforeskriften er endra"*

### **54/22 Presentasjon av direktør for E-helse og teknologi**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 54/2022 i møte den 20.06.2022

#### **Behandling**

Direktør for E-helse og teknologi Helge Storøy presenterte seg for Brukarutvalet og gav ei orientering om framdrifta av Helseplattformen.

Helse Møre og Romsdal pluss kommunar Møre og Romsdal skal "go-live" 29. april 2023.

#### **Vedtak**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa til vitende.

### **55/22 Eventuelt**

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 55/2022 i møte den 20.06.2022

#### **Behandling**

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal diskuterte innspel til planlagt brukarseminar den 7. september. Arbeidsmøtet vil vurdere dei ulike innspela til tema som er kome.

#### **Vedtak**

Ingen vedtak